

Fra: fmhopostmottak@fylkesmannen.no [mailto:fmhopostmottak@fylkesmannen.no]

Sendt: 9. juni 2016 13:33

Til: Bergen <Bergen@Asplanviak.no>

Kopi: postmottak@lindas.kommune.no

Emne: Uttale - Oppstartsmelding - Lindås - Gnr 137 bnr 23 m fl - Alverflaten industriområde sør - Etablering av næringsområde - Dispensasjon

Lindås kommune gnr. 137 bnr. 23 m.fl. – Alverflaten næringsområde sør – uttale til oppstart av reguleringsplan

Dykkar referanse: 606498-01, 606498-10-15-1

Vi viser til dykkar brev av dato 26.05.2016 med melding om oppstart av planarbeid.

Fylkesmannen minner om at statlege retningslinjer skal leggjast til grunn ved planlegging etter plan- og bygningslova (pbl) § 6-2 andre ledd.

Fylkesmannen legg til grunn at kommunen gjer ei vurdering av om planarbeidet er i samsvar med overordna plan. Fylkesmannen ser ikkje at planforslaget er i strid med nasjonale føringer for arealpolitikken. Fylkesmannen vil likevel koma med følgjande innspel til meldinga om oppstart:

ROS-analyse

Kommunane skal fremja samfunnstryggleik i si planlegging, jf plan- og bygningslova (pbl) § 3-1 bokstav h. Pbl § 4-3 set difor krav om utarbeiding av ROS-analyse i alle plansaker, samt krav til handtering av risiko i plan. ROS-analysen skal visa risiko og sårbarheit som har verknad for spørsmålet om arealet er eigna til utbygging, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging.

Teknisk forskrift (TEK10) definerer kva som er akseptabel risiko for flaum og skred. Akseptkriteria for anna type risiko må definerast av kommunen. Fylkesmannen legg til grunn at akseptkriteria må vera minst like strenge som for flaum og skred. Alle risikohøve skal merkast på plankartet med omsynssone. Krav til risikoreduserande tiltak skal gå fram av planføresegnene.

Klima

Kommunen skal i si planlegging innarbeida tiltak og verkemiddel for å redusera utslepp av klimagassar og sikra meir effektiv energibruk og meir miljøvenleg energiomlegging, jf. statlege planretningsline for klima- og arealplanlegging av 04.09.2009. Vi viser også til dei nasjonale forventningane til kommunal planlegging der ein peikar på at kommunane skal legga vekt på reduksjon av klimagassutslepp, energiomlegging og energieffektivisering gjennom planlegging og lokalisering av næringsverksemrd, bustader, infrastruktur og tenester.

Samordna bustad, areal og transportplanlegging

I følgje statlege retningslinjer for samordna areal, bustad og transportplanlegging av 26.09.2014 skal utbyggingsmønster og transportsystem samordnast for å oppnå effektive

løysingar, og slik at transportbehovet vert avgrensa og ein legg til rette for klima- og miljøvennlege løysingar.

Utbyggingsmønster og transportsystem bør fremma utvikling av kompakte byar og tettstader, redusera transportbehovet og legga til rette for klima- og miljøvennlege transportformar.

Potensialet for fortetting og transformasjon bør utnyttast før nye utbyggingsområde tas i bruk. Nye utbyggingsområde bør styrast mot sentrumsnære område med moglegheit for utbygging med mindre arealkonfliktar. Utvikling av nye, større bustadområde må sjåast i samanheng med behovet for infrastruktur.

I område med lite utbyggingspress, og der lokale myndigheter vurderer det som nødvendig for å auka attraktiviteten for busetting, kan det planleggast for eit meir differensiert busettingsmønster.

Planlegginga skal bidra til å styrka sykkel og gange som transportform.

Barn og unge

Rikspolitiske retningslinjer av 20.09.1995 og rundskriv T-2/08 stiller krav til ivaretaking av barn og unge sine interesser i planprosessen. Kommunen skal organisera planprosessen slik at ulike grupper av barn og unge får høve til å delta, og slik at synspunkt som gjeld barn kjem fram og vert ein del av prosessen. Vi viser elles til temarettleiar T-1513 om barn og unge og planlegging etter plan- og bygningslova.

Barn skal ha areal i nærmiljøet der dei kan utfalte seg og skapa sitt eige leikemiljø. Areal og anlegg som skal brukast av barn og unge skal vera sikra mot forureining, støy trafikkfare og anna helsefare.

Der ein tar i bruk areal som er sett av til fellesareal eller friområde som er i bruk eller eigna for lek, skal det skaffast fullverdig erstatningsareal, jf. pkt. 5d i retningslinjene.

Folkehelse

Alle planar skal fremma befolkninga si helse og motverka sosiale helseforskellar, jf. pbl. § 3-1 bokstav f. Planlegginga skal vere helsefremjande gjennom å fremje faktorar som styrkjer helsa og livskvaliteten, og som bidreg til å verne mot negative faktorar, jf. folkehelselova § 4.

Eit sentralt element i folkehelsesatsinga er å sikre barn og unge gode oppveksttilhøve, jf. pbl § 3-1 bokstav e og regional plan for folkehelse 2014-2025.

Støy

Retningslinje T-1442/2012 for behandling av støy i arealplanlegging skal leggast til grunn av kommunane i si planlegging. Der kjem det fram at alle nye reguleringsplanar bør visa støysonekart som er tilgjengelege innanfor planområdet på eigna måte. Dersom det er fastsett omsynssoner i kommuneplanen skal desse leggast til grunn for utarbeiding av reguleringsplanar.

Der er vidare krav til at ein så tidleg som mogleg i planprosessen skal gjera støyfaglege utgreiingar, der støynivå vert talfesta i tabell og/eller i berekningspunkt i kart for representative høgder (t.d. ved fasadar og uteopphaldsareal). Vi viser elles til dei anbefalte støygrensene som går fram av tabell 3 i retningslinjene.

I gul støysone bør ein vera varsam med å tillate etablering av nye bustader, fritidsbustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, skular og barnehagar. I utgangspunktet bør slik busetnad berre tillatast der ein gjennom avbøtande tiltak klarer å overhalda dei anbefalte grenseverdiane. Etablering av andre bygningar med støyfølsame formål slik som kontor og overnattingsstader bør berre tillatast der ein kan tilfredsstilla krava i TEK10 til innandørs støynivå.

Områda som ligg i raud sone er lite eigna til støyfølsame bruksformål grunna det høge støynivået. Kommunane bør difor ikkje tillate etablering av bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, skular og barnehagar i desse områda. Kommunane bør vidare vera varsam med å opna for annan ny busetnad eller arealbruk med støyfølsame bruksformål.

I sentrumsområda i byar og tettstadar, spesielt rundt kollektivknutepunkt, er det aktuelt med høg arealutnytting av omsyn til samordna areal- og transportplanlegging. I område som er avsett til slikt formål i arealdelen av kommuneplanen, kan ein vurdera å opna for bygg med støyfølsamt bruksformål. I område der ein tillét avvik, må det stillast konkrete krav til busetnaden som at ein skal ha ei stille side og at støykrav for uteopphaldsareal skal vera tilfredsstilt. Grunnskular og barnehagar bør uansett ikkje etablerast i raud sone.

Luftforureining

Retningslinje T-1520/2012 om behandling av luftkvalitet i arealplanlegging har som mål å førebygga og reduserer lokal luftforureining gjennom god arealplanlegging. Retningslinjene har anbefalte grenser for luftforureining som skal leggast til grunn ved planlegging av nye verksemder eller ny utbygging eller utviding av eksisterande verksemd eller utbyggingsområde.

Naturmangfold

Vi minner vidare om at dei konsekvensane reguleringsplanen har for endra arealbruk skal vurderast i høve til naturmangfaldet, og at dette må kome tydeleg fram i planarbeidet, jf. naturmangfaldlova §§ 7 til 12.

Kjøpesenter

Regional plan for attraktive senter i Hordaland skal leggjast til grunn i den kommunale planlegginga, jf. pbl § 8-2. I den samanheng viser vi m.a. til planføresegen 4.1 i den regionale planen der det går fram at nytt bruksareal for detaljhandel berre er tillate i nærmere definerte senterområde.

Formålet med avgrensinga er å styrka eksisterande by- og tettstadssentre og bidra til effektiv arealbruk og miljøvennlege transportval.

Medverknad

Alle som fremmer eit planforslag skal legge til rette for god medverknad i planprosessen, jf pbl § 5-1. Kommunen har eit særleg ansvar for å sikra at barn og unge og andre som treng spesiell tilrettelegging får delta i planarbeidet etter rundskriv T-2/08 om barn og planlegging.

På nettsida www.miljokommune.no kan ein hente nyttige tips til planlegging.

For å sikra god framdrift i planprosessane stiller Fylkesmannen gjerne på møter saman med kommunen dersom det er ønskjeleg for å avklara vesentlege regionale og nasjonale interesser tidleg i planarbeidet.

Vi ønskjer lykke til vidare med planarbeidet.

Med helsing

Hege Brekke Hellesøe

Rådgjevar

Fylkesmannen i Hordaland
Kommunal- og samfunnsplanavdelinga
Tlf: 55 57 23 52
www.fylkesmannen.no/hordaland

[Abonner på nyhende frå Fylkesmannen](#)

. Tenk miljø - ikkje skriv ut denne e-posten med mindre det er naudsynt